


Årsplan

2023/2024



Omsorg og læring, ja takk begge deler

Innhald	
Førmålet med barnehagen sin årsplan	3
Barnehagen sitt samfunnsmandat	5
Nørve barnehage	6
Barnehagen vår	6
Visjon og verdigrunnlag i Nørve barnehage	9
Visjon i eigen barnehage:	9
Barnehagen sitt innhald	10
Leik	10
Vennskap og fellesskap	11
Kommunikasjon og språk	12
Omsorg og læring	12
Mangfald	12
Satsingsområde	13
Livsmestring og helse	13
Livet&Sånn	14
Miljøfyrtårn	15
Forut	16
Arbeidsmåtene til barnehagen	17
Progresjon	17
Slik jobbar vi i Nørve barnehage	17
Prosjektarbeid	17
Fagområda	19
Kvardagsaktivitetar	21
Barns medverknad	22
Samarbeid	23
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	23
Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar	24
Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt	25
Overgangar	26
Når barnet byrjar i barnehagen	26
Overgangar i barnehagen	28
Overgangen mellom barnehage og skule	29
Barnehagen som pedagogisk verksemd	30
Planlegging	30
Vurdering	31
Dokumentasjon	32
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte	34
Årshjul for Nørve barnehage	35
Diverse informasjon	36
Kjelder	39

Førmålet med barnehagen sin årsplan

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.

(Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37)

Med utgangspunkt i Rammeplanen skriv barnehagen ein årsplan som vert godkjent av samarbeidsutvalet. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på e-post til alle foreldre og føresette.

Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen brukar barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndighetene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Den er nyttig å bruke i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.



Barnehagen sitt samfunnsmandat

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdiar som kommer til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverking tilpassa alder og forutsetningar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Barnehagelova, 2005, §1. Formål)

Nørve barnehage

Barnehagen vår

Nørve barnehage er ein barnehage med tre avdelingar som ligg i Bøgata i midtre bydel. Vi har 70 plassar fordelt på om lag 50 barn. Dette året har vi to småbarns-avdelingar, og ei tre-seks årsavdeling som vi deler i to grupper.

Mauren er eitt-to årsavdeling kor alle barna født i 2022 går, pluss dei minste av 2021-barna. Det aller viktigaste det første året i barnehagen er å skape tryggleik og ein god start for dei minste. Dei kjem til å ha tema/ prosjekt «det første året i barnehagen». Vi har fokus på gode, trygge relasjonar, song og rim og reglar og sansing. Dei kjem til å jobbe med kvardagssituasjonane våre, slik som måltid, stell, legging, påkledning, frileik.

Humla er to-årsavdelinga vår kor barna født i 2021 går. Barna på Humla har kvart år eit prosjekt som vi har kalla «meg sjølv», 2021-barna som er på Mauren deltek også i dette prosjektet. Vi ønsker at barna skal bli kjende med seg sjølve, kroppen sin, familien sin, kjenslene sine og lære namn og omgrep rundt dette. Arbeidsmetodane blir varierte med song og musikk, sansing, bøker, forming, turar, hinderløyper, barneyoga med meir. På Humla er leik og kvardagssituasjonane i fokus, dei har også ein turdag i veka kor 2021-barna ifrå Mauren er med.

Marilhøna er tre-seks årsavdelinga vår kor barna født i 2020, 2019 og 2018 går. Dei er inndelt i to grupper, raud og blå. Marilhøna er glade i å gå på tur, og har faste turdagar kvar veke. Dei brukar mykje tid i leik både inne og ute. På Marilhøna jobbar dei kvart år med ulike tema- og prosjektarbeid. Dei tek utgangspunkt i barnehagen sine satsingsområde og barna sine ønsker og interesser når dei planlegge tema og prosjekt. Dei har også ei eiga førskulegruppe for dei eldste. Det står litt meir om førskulegruppa under punktet overgang barnehage – skule.

På Nørve har vi lyse og trivelege lokale inne, og eige atelier og grupperom. Ute har vi akebakke, båt, flotte leikeapparat og overbygd sandkasse. Vi har også grillhytte med bålplass og eit kupert uteområde som gjev barna mange utfordringar. Vi har friområdet på Aksla fem minutt unna, så skogen besøker vi ofte.

Frå barna er to år gamle har dei ein turdag i veka med eigen sekk. Vi går både til fjell og fjøre og turdagen er høgdepunktet til mange.

Vi har god vaksentetthet og pedagogtetttheit, og eit stabilt, positivt og engasjert personale.

Vi er ein del av verksemda Ålesund Aust barnehagar der Marthe Lundemo er verksemdsleiar. Dei andre barnehagane i verksemda er Fagerlia, Ratvikåsen, Lerstad, Fremmerholen og Rabbevågen.



Vi som jobbar på Nørve barnehage

Elin Ostnes 100 % styrar

Mauren (eitt og to-årsavdelinga vår):

Terese Petersen 100 % pedagogisk leiar

Beate Brand-Hansen 100 % barne- og ungdomsarbeidar

Henriette Eriksen 70 % barne og ungdomsarbeidar

Nelly E. Cock-Olsen 100 % lærling

Humla (to-årsavdelinga vår):

Terje Wille Vestre 100 % pedagogisk leiar

Kari Ann Almås 80 % assistent

Renate Grønnevik 100 % barne- og ungdomsarbeidar

Lukas Jelle Langlo 100 % lærling

X 20 % assistent

Marihøna (3-6 årsavdelinga vår):

Rød gruppe

Hanne Chen Dybvik 100 % pedagogisk leiar

Marius Duestøl 100 % barnehagelærer

Sissel Lunheim 50 % assistent

Henriette Eriksen 30 % assistent

X 20 % assistent

Blå gruppe

Kjersti Honningdal 100 % pedagogisk leiar

Pia Hansen 100 % barnepleiar

Kristine Formo 100 % assistent

Visjon og verdigrunnlag i Nørve barnehage

Visjon i eigen barnehage:

Omsorg og læring, ja takk begge deler!

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Vi tenker oss at barna si danning skjer gjennom omsorg, leik og læring. Det å gi omsorg handlar om å sjå og høyre barna, og passe på at deira behov er dekkja, at dei trivs og har det bra. Vi ønsker å sjå barn som subjekt med eigne meiningar som skal respekterast og lyttast til frå dei er heilt små. Å sjå barn som subjekt handlar om å dekke fysiske behov for omsorg, så vel som dei psykiske behova for omsorg. Barna må også møtast med omsorg år det gjeld mentale, relasjonelle og kjenslemessige sider. Vi vaksne må sjå og forstå når barna treng hjelp til tilknytning og fellesskap, og støtte dei barna som fell utanfor eller treng hjelp til konstruktive samhandlingsmønster med andre. Barnehagen skal gi barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve å bli sett, forstått, respektert og å få den hjelp og støtte dei har behov for.

Vi meiner at når omsorg og tryggleik ligg i botn, blir barna trygge og glade, og då ligg alt til rette for god leik og læring. Læring meiner vi skjer heile dagen, både i formelle og uformelle situasjonar. Med det formelle tenker vi då på samlingsstund, tur, tema og prosjektarbeid. Med uformelle situasjonar meiner vi alt det andre som skjer i kvardagen vår, og som ikkje er detaljplanlagt. Men det er nettopp i desse kvardagssituasjonane at den viktigaste læringa skjer, så det er her vi må ha høg kvalitet og reflekterte tilsette som er til stades.

Vi har jobba mykje med omgrepa omsorg, læring og kvalitet. Vi ønsker å sikre at alle barna blir møtt på ein god måte i alle situasjonar i løpet av ein dag i barnehagen. Dette gjeld kvardagssituasjonar som velkomst og avskjed, i frileik, under måltid, stell og legging, påkledning og på turar. Difor har vi mål for alle desse situasjonane, og vi er heilt konkrete i korleis vi

gjer det og kvifor vi gjer som vi gjer. Spør oss gjerne meir om dette om dykk er interessert. Vi har ein eigen folder som vi kallar «Hverdagsaktiviteter» som synleggjer korleis vi jobbar med dette. Denne er revidert i 2023.

Det å sjå på kvart enkelt barn som unikt, og med ibuande ressursar, er for oss eit positivt syn på barn. I kraft av dette, meiner vi det gjev barnet ein positiv innfallsvinkel og motivasjon til eiga læring og kjensle av eigenverdi. Vi tilsette skal vere støttande, tett inntil, inspirere og motivere. Vi må vere lyttande og tolmodige for å kunne gi barnet høve til å oppdage kva dei faktisk kan sjølve.

Barnehagen sitt innhald

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

(Rammeplanen kap. 3)

Leik

Leik er barnet si naturlege uttrykksform og for barnet er leiken eit mål i seg sjølv. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, venskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for barna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Leik utgjer ei viktig rolle i barna si dannelsesreise. Leiken skal ha gode utviklingsmoglegheiter, og vi skal stadig gi barna ny inspirasjon og innspel til sin leik. Dei tilsette skal legge fysisk og organisatorisk til rette for variert leik. Barna skal ha god tid og plass til å utfalde seg i leiken, og til å utforske leiken si verd. Dei tilsette skal observere og delta i leiken for å imøtekomme behov, legge til rette for gode vilkår og vere rollemodellar. Dei tilsette skal vegleie når leiken fører til uheldige samspelsmønster og aktivt medverke til at alle barn kjem inn i leik. Barn leikar med utgangspunkt i si nysgjerrigheit, sine evner, ønsker og føresetnader. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, meistring,

spenning og engasjement gjennom leik, både aleine og saman med andre. Dei tilsette legg vekt på at barna får skifte mellom rolege og litt meir aktive aktivitetar, uteleik og inneleik, samt aktivitetar i større og mindre grupper. Å få delta i leik i samspel med andre er eit av grunnlaga for barn sin trivsel og meiningsdanning i barnehagen.

Dei tilsette på Nørve skal:

- vere leiken og ha blikk for leik
- legge til rette for god leik ved å bruke rommet og utstyret vi har tilgjengeleg
- hjelpe alle barna inn i leik og leikande samspel

Vennskap og fellesskap

Barn som har tilgang på leikekameratar og leik kvar dag, har eit stort fortrinn framfør dei som står utanfor leikefellesskapet. I leik lærer barna blant anna sosial kompetanse. Dei er i samspel med andre barn, knyt vennskap, løyser konflikhtar og så vidare. Dei utviklar også språket sitt både verbalt og nonverbalt. Ved å late som, går barna inn i ei eiga fantasiverd kor dei tek andre sitt perspektiv og gjev rom for tankar og kjensler. Dette utviklar evna til å ta sosiale roller og gjennom leiken lærer barna at andre tenkjer og føler annleis enn dei sjølve. I leiken overfører også barna barnekulturelle tradisjonar frå dei eldste til dei yngste.

I Nørve barnehage skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og tilsette. Barn si sjølvkjensle skal støttast, samtidig som dei skal få hjelp til å meistre balansen mellom å ta i vare egne behov, og det å ta omsyn til andre sine behov. Vi skal støtte barna sine initiativ til samspel og medverke til at alle kan få leike med andre, oppleve venskap og behalde venskap. Vi jobbar også med å skape gode relasjonar mellom barna og mellom tilsette og barn. Dette gjer vi ved å vere nære og deltakande vaksne. Vi kartlegg også relasjonane våre til alle barna i gruppa to gonger i året for å sikre at vi har gode relasjonar til alle barna. Vi brukar tid med barna til å snakke og lære om egne og andre sine kjensler.

Kommunikasjon og språk

Språket påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Dei tilsette har ansvar for å invitere barna med i språklege aktivitetar, både verbale og nonverbale. Dei tilsette legg til rette for at alle får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, og som reiskap for å uttrykke eigne meiningar, tankar og kjensler. Vi skal anerkjenne og respondere på barna sine ulike verbale og non-verbale uttrykk, og støtte deira språkutvikling. Vi veit av erfaring og forskning at det er ein samanheng mellom språkvanskar og sosiale vanskar, og at personalet i barnehagen har eit stort ansvar for å fange opp og sette inn tiltak så tidleg som mogleg. Dagane i barnehagen er fulle av situasjonar der barna kan bruke og utvikle språket sitt; eit godt språkmiljø er prega av at personalet brukar språket i samspel med barna heile dagen. I følgje utdanningsdirektoratet skjer det meste og viktigaste av språkstimuleringsarbeid i barnehagen gjennom kvardagssituasjonar.

Omsorg og læring

(sjå visjon og verdigrunnlag)

Mangfald

Rammeplanen seier at barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Dette uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigheit og undring over likskapar og forskjellar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet. Barnehagen skal synleggjere variasjonar i verdiar, religion og livssyn. Vi skal og synleggjere eit mangfald i familieformer og sørgje for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen. På Nørve barnehage skal vi motverka alle former for diskriminering og krenking og framme nestekjærleik.

Satsingsområde

Vi jobbar kontinuerleg med blant anna fagområda, kvardagsaktivitetar og tema- og prosjektarbeid. Men kvart år vel vi oss nokre satsingsområde som vi har ekstra fokus på gjennom året.

Hovudsatsingsområdet for barnehageåret 2023-2024 er eit utviklingsarbeid med tema:

Barn si språkutvikling og språkvanskar

Dette er eit rekomp-prosjekt (Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen) og målet er at barnehagar skal utvikle sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling.

Barnehagebasert kompetanseutvikling er ein måte å jobbe på der ledelsen og heile personalet deltar i ein felles utviklingsprosess. Dette aukar moglegheiten for felles læring og endring av eksisterande praksis. Rekomp prosjektet blir leda av Ålesund kommune og Høgskulen i Volda.

Dykk vil få meir informasjon om dette arbeidet i løpet av hausten.

Livsmestring og helse

Vi kjem også dette året til å ha eit særleg fokus på Livsmestring og helse. Barnehagen skal medverke til at barna trivs og opplev livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og skal førebyggje krenkingar og mobbing, jf. Barnehagelova §41, 42, 43. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar. Gjennom den daglege og nære kontakta med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna. Personalet skal ha eit medvite forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite

korleis dei kan førebyggje og oppdage dette. Personalet skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. barnehagelova § 46. (Rammeplan for barnehagen, 2017, side 11).

Livet & Sånn er eit gratis undervisningsopplegg laga av Ålesund kommune for å fremje livsmeistring og helse for barn.

I rammeplan for barnehagen står det at «*Barna skal få støtte i å mestre motgang, håndtere utfordringer og bli kjent med egne og andres følelser.*» Det er mange måtar å bli kjent med egne og andre sine følelsar på. Dei vaksne har viktige roller i å vise at dei legg merke til barna sine følelsar, vise at dei prøver å forstå følelsen, møte denne med validering og støtte barna til å handtere følelsen. Livet&Sånn har laga filmar og refleksjonsoppgåver for å hjelpe dei vaksne i barnehagen til å bli gode på dette. Gjennom dette året er målet å jobbe med dei 12 tema som er laga og ha fokus på kompetanseheving for dei ansatte. Vi vil også ha foreldremøte med tema ifra Livet og sånn, og jobbe med opplegg laga for barna i samlingstunder og prosjektarbeid.



Miljøfyrtårn

Nørve barnehage blei miljøsertifisert våren 2022. Som miljøfyrtårn-barnehage tek vi aktivt miljøansvar og bidreg til grøn omstilling. Vi vil drive berekraftig og etterlate oss eit mindre avtrykk i miljøet. Nokre av tiltaka vi gjer er å sortere søppel (plast, papp/papir, glas/metall, farleg avfall), plukke søppel når vi er på tur, redusere matsvinn, auke innkjøp av økologiske produkt og avgrense forbruk.

Dette barnehageåret kjem vi til å starte opp med miljøveke, der vi ønsker å ha større fokus på miljøet, korleis vi tek vare på naturen og gjenvinning. For å nå måla må vi arbeide for gode haldningar hos både tilsette, barn og foreldre. Berekraftig drift er også å arbeide for eit godt sosialt miljø i barnehagen. Når barn og tilsette har ein god kvardag, bidreg det til meistring, utvikling og god helse. Vi ønsker ein kvardag der ein tek vare på kvarandre og vil kvarandre vel. Vi har også starta med «pop up shop», etter eit supert initiativ frå SU. Her kan foreldre og tilsette ta med klede og utstyr dei ikkje brukar lenger. Dette blir hengt opp i gangen (ei veke i halvåret), og så er det fritt til å plukke med seg det som trengs. Slik sparar vi miljøet og fokuserer på gjenbruk.

Forut

Vi skal i haust delta på Forut sin barneaksjon «Hamphless og det varme hjertet». Barneaksjonen er eit pedagogisk opplegg for barnehagar og barneskular der barn i Noreg kan lære om livet til barn i Afrika og Asia. Opplegget er sett saman av filmar, biletplakatar, songar og musikk, fortellingar, tips og idear til mellom anna oppskrifter og formingsaktivitetar og mykje anna.

Dette året skal vi bli kjent med Hamphless. Han er 5 år og bur i Malawi som kallas «Afrikas varme hjerte». Kvifor det mon tru? Vi blir kjent med kvardagen til Hamphless, familien hans, sjiraffen Suala og det flotte landet dei bur i.

Føremåla med Forut barneaksjon er:

1. Gjere barn i Noreg kjend med andre kulturar og dagleglivet til barn i andre land.
2. Gi barn i Noreg verdifull læring og gode opplevingar gjennom praktisk solidaritetshandling.

Aksjonen vil i første rekke vere for dei eldste barna, men vi tenker at også barna på Humla kan få eit innblikk i livet i Malawi. Aksjonen blir avslutta med ein innsamlingsaksjon der vi samlar inn pengar til Forut.



Arbeidsmåttane til barnehagen

Progresjon

Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø.

(Rammeplan kap. 8)

Progresjon i barnehagen inneber at alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Det er vårt ansvar å legge til rette for varierte leike-, aktivitets-, og læringsmoglegheiter for alle aldersgrupper. Vi skal utvide og bygge vidare på barna sine interesser og gi dei varierte erfaringar og opplevingar. Vi skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barna skal få utfordringar tilpassa sine erfaringar, interesser, kunnskapar og ferdigheiter. Det vil difor vere forskjell på blant anna innhald, arbeidsmåtar, tema-arbeid og aktivitetar mellom avdelingane våre. I løpet av dei åra barna er i barnehagen, skal dei få ulike opplevingar og erfaringar. Vår oppgåve er å legge til rette for at barna kan oppleve meistring, samstundes som vi skal gi dei nye mål å strekke seg mot.

Vi har foreldresamtalar minst to gangar i året. Saman med foreldra går vi gjennom styrkar og utfordringar som barnet har i kvardagen. Vi legg også fram kva vi tenker er viktig å jobbe vidare med for det enkelte barn. Til dømes vente på tur, ta initiativ i leik, vere i leik med andre over lengre tid og så bortetter.

Slik jobbar vi i Nørve barnehage

Prosjektarbeid

På Nørve brukar vi prosjektarbeid som metode gjennom heile året. Då vel vi eit tema som vi jobbar med i ei lengre periode, ofte eit halvt eller eit heilt år. Vi trekk inn alle fagområda (sjå under), og brukar tema i alle delar av kvardagen, til dømes i tur, aktivitetar, samling og kvardagsaktivitetar. Målet er å skape ein arena for

utforsking, fordjuping og forståing. I prosjektarbeid har barn si nysgjerrigheit og medverking ein sentral plass, og barn si lyst til å undersøke og utforske skal ha innverknad for pedagogiske val. Når vi planlegg slike prosjekt tek vi alltid utgangspunkt i barna sine behov og interesser, rammeplan og årsplan.

Prosessane i prosjektarbeid blir dokumentert. For store prosjekt, slik som «Meg sjølv» på Humla, blir det laga prosjektrapport. For mindre prosjekter dokumenterer vi med bilete og tekst på månadsplanar, oppslag i garderoben eller innlegg på IST. Målet med dokumentasjon er å synleggjere arbeidet for barn og foreldre, vidareutvikling av prosjekt og refleksjon i personalgruppa.



Fagområda

Rammeplanen har gitt oss sju fagområde å jobbe med, dette er i stor grad same fagområde som barna møter seinare i skulen. Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal medverke til å fremje trivsel, utvikling, helse, leik og læring. Vi brukar fagområda i tema- og prosjektarbeid, i leik inne og ute, i samlingsstunder og aktivitetar, på tur, i markering av høgtider og andre merkedagar og ikkje minst i kvardagsaktivitetane våre. Vi ser fagområda i samanheng og dei er ein gjennomgåande del av barnehagen sitt innhald. Arbeidet med fagområda blir tilpassa barna sin alder, interesse, føresetnadar og barnegruppa si samansetning. Med bakgrunn i dette vil det vere litt ulikt i kor stor grad, og korleis ein jobbar med fagområda på dei tre avdelingane våre.

Under har vi sett opp nokre døme på korleis vi jobbar med dei ulike fagområda. Meir utfyllande informasjon om fagområda finn dykk i Rammeplan for barnehagar, på udir.no.

Fagområde:	Kva:	Kvifor:
Kommunikasjon, språk og tekst	Lese bøker Sette ord på kjensler Bruke konkrete Song, rim og regler	Høgtlesing er viktig for språk-stimulering Konkrete forsterkar forståinga
Kropp, rørsle, mat og helse	Vi går på tur i nærmiljøet og i skogen Let barna vere delaktige i matlaging Psykisk helse – relasjonar – vennskap – kjensler	Lære barna om kosthald Gi allsidig rørsle Positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg meistring Finmotorisk trening
Kunst, kultur og kreativitet	Forming, klippe, lime og teikne Biletkunst Teater Drama	Vi ønsker at barna skal bli kreative og glade i å skape. Få erfaring med et mangfald av uttrykk

Fagområde:	Kva:	Kvifor:
Natur, miljø og teknologi	Gå tur Nettbrett Miljøveke kor vi har ekstra fokus på miljø Digitalt mikroskop	Vi vil at barna skal få oppleve meistring og glede ved å gå tur i ulendt terreng. Gi barna digital kompetanse Lære om berekraftig utvikling
Mengd, rom og form	Vi jobbar med mengde, tal, ulike former og fargar Stor og liten Plassering, sortering	Omgrepslære og språkforståing blir betre Ved å sette ord på omgivnadane rundt barna blir dei tryggare i seg sjølv og det er lettare å utforske verda.
Etikk, religion og filosofi	Undre oss saman med barna Fokusere på mangfald Ulike familieformar Ulike etnisitetar Vi markerer høgtider som er representert i barnehagen.	V i er med på å skape haldingar og verdiar, og viser respekt og forståing for at ingen er like Bygge vennskap og førebygge mobbing og gjere barna klare for livet i eit mangfaldig samfunn.
Nærmiljø og samfunn	Vi blir kjende med oss sjølve og familien vår Gå tur i nærmiljøet Vi markerer Pride. Vi markerer samane sin dag. Vi deltek på Rusken aksjon kor vi ryddar søppel i nærmiljøet.	Barna får oppleve naturen og undre seg over naturen sitt mangfald Vi ønsker at barna skal få kjennskap til omgrepet familie og sjå at alle familiar er ulike. Lære å akseptere og tolerere ulikskap og bygge gode haldingar.

Kvardagsaktivitetar

Med kvardagsaktivitetar meiner vi situasjonar og aktivitetar som gjentek seg kvar dag, nokre av dei fleire gangar dagleg. Med dette meiner vi: det første møtet om morgonen, påkledning, måltid, kvile/sove, samling, tur, hygiene/stell og avskjed.

Vi er opptekne av at barn lærer og utviklar seg i alle situasjonar, og at dei uformelle læringssituasjonane, slik som kvardagsaktivitetar, er viktige for barn si danning og utvikling. I kvardagsaktivitetane er barna i dagleg samspel med andre barn og tilsette, noko som har stor betydning for blant anna barnet si språkutvikling og sosiale kompetanse.

For alle dei åtte kvardagsaktivitetane har vi sett opp mål og laga ein plan for korleis vi vil jobbe for å nå våre mål. Vi har ein eigen folder som heiter «Hverdagsaktiviteter» som synleggjer korleis vi jobbar med dette. Under ser dykk eit døme på korleis vi jobbar med kvardagsaktiviteten «Kvile/sove».

Aktivitet	Vi ønsker	Hvordan gjør vi det?
<p><u>Hvile/soving</u></p> <p>Personalet skal ivareta barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og hvile. (Rmp. 2017, s.20)</p> <p>Barna skal ha mulighet til ro, hvile og avslapping i løpet av barnehagedagen. (Rmp. 2017, s.20)</p>	<ul style="list-style-type: none"> · At barna får sove/hvile etter behov, også de eldste barna. · At barna opplever omsorg, trygghet og nærhet. · At foreldre skal oppleve at deres ønsker blir respektert. 	<ul style="list-style-type: none"> · Barna sover i medbragt vogn i vognskuret. · Det er alltid en ansatt med barna som sover, med jevnlig sjekk-runder, krysseliste. · Vi legger vekt på å skape en god situasjon i forkant av legging · Vi ser enkeltbarna og tar hensyn til deres ønsker og behov. · Vi tilbyr smokk, kosedyr og det som trengs (i samarbeid med foreldre) for at barna skal finne trygghet og ro. · Vi gir barna god tid til å våkne, og et fang våkne på. · Viktig å være positiv og rolig, og tenke over stemmebruk og tonefall. · Vi legger til rette for at barn i perioder kan trekke seg bort og hvile/drive med rolige aktiviteter.

Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jf. Lov om barnehagar kap. II- §3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr.1.

I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.

Alle barn har rett til å få medverke på sin eigen kvardag. Med det meiner vi ikkje at dei alltid skal bestemme alt. Ansvaret for det som skjer i barnehagen ligg sjølvstendig hjå personalet, ikkje barna. Barna skal ikkje overlatast til eit ansvar dei ikkje er modne til å ta. Men barn har rett til medverknad. Involvering og medverknad handlar i større grad om å bli sett og høyrte enn å få bestemme alt sjølv. Det handlar om å setje spor, erfare at ein kan påverke omgjevnadane sine gjennom demokratiske prinsipp og gjere noko med eigen situasjon. Dette er av verdi for barna både her og no, og som framtidige deltakarar i samfunnet. Dei skal bli møtt med aksept, forståing og respekt.

På Nørve barnehage jobbar vi med danning ved å legge til rette for barna sine eigne val, sjølvstendig tenking, toleranse og barn sin medverknad. Vi ønsker å skape rom for at barna skal utvikle sin eigen kultur og la barna i størst mogeleg grad få medverke på sin eigen kvardag. Vi tenkjer at det å bli danna er det å bli seg sjølv som menneske, i samspel med andre.

Vi skal lytte til barna, også dei som ikkje pratar. Alle skal få formidle sine ønsker, det kan til dømes vere kva dei vil ete, eller kven dei vil leike med akkurat no, eller kva dei har lyst til å gjere. Når det gjeld dei minste barna må vi vere nær nok til å sjå kva dei likar og kven dei likar å vere saman med. Dei har sterke meiningar

sjølv om dei ikkje har verbalt språk. Difor bruker vi mykje observasjon for å vere medvitne på kva dei ulike barna likar og kva dei treng av utfordringar akkurat no.

Samarbeid

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

(Rammeplanen kap. 5)

For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval og ulike andre samarbeidsformer. Barnehageeigar skal syte for at saker av viktigheit vert lagt føre foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Ulike samarbeidsarenaer i Nørve barnehage:

Foreldrerådet er sett saman av foreldre/ føresette til alle barna og skal fremje fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet er samansett av foreldre/ føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene. Det er om lag fire-seks møter i året, og SU skal ha innsikt i økonomi og andre viktige saker i barnehagen.

Foreldremøte På foreldremøtet er alle foreldra til stades, og det blir snakka meir generelt rundt barnehagen. Desse møta brukar vi å ha to gangar i året. Då gir vi informasjon om planar og opplegg på avdelingsnivå, og gjerne relevante faglege tema på fellesdelen.

Foreldresamtale På foreldresamtalane er det enkeltbarnet som er i fokus. Der utvekslar vi observasjonar og vurderingar knytt til enkeltbarnet si helse, trivsel, erfaring, utvikling og læring. Det blir sett opp to foreldresamtalar i året, med moglegheit for fleire.

Dagleg kontakt Den viktigaste kommunikasjonen er den som skjer kvar dag i hente-bringe-situasjon. Her gjev og får vi informasjon om barnet slik at vi får gitt eit best mogleg tilbod til kvar enkelt.

Vi ønsker ein god og open dialog med foreldra i løpet av året, og tek alltid imot innspel og tips til arbeidet vårt.

Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar

Regjeringa ventar – at kommunar og fylkeskommunar arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et heilskapleg tilbod. Godt tverrfagleg samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng.

(St.meld. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeider barnehagane tverrfagleg med ulike aktørar som til dømes PPT, Barneverntenesta, Helsestasjonar, skular m.m.

Barnehagen vår samarbeider med fleire ulike instansar og her er nokon av dei:

Fagerlia vidaregåande skule

Vi tek imot elevar frå Fagerlia vidaregåande skule som gjennomfører tentamen ved å ha opplegg for barna våre. Til gjengjeld blir vi invitert til ulike ting dei gjennomfører (dans, drama, song). Kvart år blir også førskulebarna invitert til Nisseland i Borgundgavlen (Hysj, hysj! Dette er veldig hemmeleg for barna) og vi blir også invitert til eit påskeopplegg for fireåringane våre før påske.

Høgskulen i Volda

Vi har avtale med Høgskulen i Volda. Vi tek imot studentar frå høgskulen som studerer for å bli barnehagelærar. Det er våre barnehagelærarar som då fungerer som øvingslærar for studentane. Dette gjev oss fagleg input og ekstra hender og er veldig kjekt for både små og store!

Lærlingar frå opplæringskontoret i kommunen

Vi tek kvart år imot lærlingar som skal ta fagbrev i barne og ungdomsarbeidar-faget. Dei går på toppen av grunnbemanninga vår, og er ei god styrke i en hektisk kvardag. Dei jobbar med ulike kompetansemål, og skal etter fullført læretid opp til fagprøve. Våre barne og ungdomsarbeidarar er rettleiarar for dei, i år er det Renate Grønnevik og Beate Brand-Hansen som er rettleiarar for lærlingane våre.

PPT (pedagogisk psykologisk teneste): ved behov

Barneverntenesta: ved behov

Ressursbasen i Ålesund: ved behov

Fagsenter opplæring: ved behov

Helsestasjon: ved behov

Nav/Brisk: Vi har dialog med desse og tek i periodar imot personar på arbeidstrening.

Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt

Barnehagelova § 20 pålegg teieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen blir kjent med gjennom si stilling (jf. Fvl. § 13). Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal bli informert om opplysingar i høve familieforholda til barn som kan vere avgjerande for opphald, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 22 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikt, å gi opplysingar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det finns mishandling av barn i heimen eller andre formar for alvorleg omsorgssvikt, også kalla meldeplikt. I tillegg skal ein gi opplysingar til barneverntenesta når ein bli bedd om det.

Ifølge straffelova si generelle bestemming om avverje, §196, er ein kvar forplikta til å søke å avverje ei straffbar handling eller følgene av den, på eit tidspunkt då det framleis er mogleg, og det står fram som sikkert eller mest truleg at handlinga er skjedd eller vil skje. Den generelle plikta for avverje gjeld også tilsette i barnehagen.

Alle tilsette i barnehagen har godkjent politiattest.

Overgangar

Når barnet byrjar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.

(Rammeplanen kap. 6)

På Nørve har vi sett tilvenning og tilknytning på dagsorden dei siste åra. Vi ser at for at barna skal få ein best mogeleg start må vi vere gode på informasjon ut til nye foreldre for å få dei tryggast mogeleg. Vi må òg ha god kunnskap om kva som skapar tryggleik og ei god tilknytning. Vi har eit foreldremøte kvar vår for alle nye foreldre. Der får dei blant anna utdelt og gjennomgått ein folder med informasjon om barnehagen vår, oppstart og tilvenning og foreldra si rolle. Vi går også gjennom kva barna treng av utstyr, kle og liknande. Foreldre får informasjon om avdelinga barnet skal starte på med bilete av dei tilsette som jobbar der, og dei får også invitasjon til «nye barn sin dag» der dei kan komme å treffe andre foreldre og barn som startar i august og å bli litt betre kjende med oss.

Vi har også utarbeida ei eiga prosedyre for oppstart i barnehage der vi gjer klart kven av dei tilsette som har ansvar for kva når nye barn startar hos oss.

Tryggleiksirkelen (også kalla cos – circle of security)

For å leike og vere i samspel med andre barn og tilsette er tryggleik viktig. Difor jobbar vi etter ein modell som heiter tryggleiksirkelen, og alle tilsette på Nørve har opplæring i denne modellen. Dette er ein tilknytingsmodell som lærer oss å sjå barna innanfrå og forstå barna sine signal betre.

Alle barn har ulike behov og vi seier at dei enten er oppe eller nede i sirkelen. Når dei er oppe i sirkelen (og vil utforske verda)



treng dei at vi støttar deira utforsking, passer på dei, gleder oss over dei, hjelp dei og har det fint saman med dei. Når dei er nede i sirkelen dreier det seg om at barna har behov for nærleik eller hjelp med kjensler. Dei treng at vi tek imot dei når dei kjem, at vi beskyttar dei, trøystar dei, synar godheit og organiserer kjenslene deira. Fysisk og psykisk helse heng saman, og vi veit at gode relasjonar førebygg stress og hjelper barna til å meistre kvardagen. Så difor er gode relasjonar avgjerande, vi må vise barna at vi er tilgjengelege, innstilt på å hjelpe og prøve å tolke det barna fortel verbalt og non verbalt (eitt-åringen kan til dømes fortelje med gråt at han er svolten, sliten eller treng kos). Slik blir oppgåva vår å prøve å lese og forstå barna innanfrå. Det vi (og dykk foreldre) legg inn av omsorg, trøyst, glede og latter kjem ut igjen som psykisk helse hjå barna. Kvart augeblink er ein byggekloss, så det er verkeleg ei viktig oppgåve vi har.

Det er mange gode filmar og tips til foreldre og tilsette på nettsida www.folkom.no

Vi brukar også boka «Se barnet innenfra» av Ida Brandzæg, Stig Torsteinson og Guro Øiestad.

Overgangar i barnehagen

Personalet skal sørge for at barnet og foreldre får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe.

(Rammeplanen kap. 6)

I Nørve barnehage har vi tre avdelingar. Vi har eit godt samarbeid på tvers av avdelingane gjennom heile året. På denne måten blir alle tilsette kjend med alle barna og overgangen blir ikkje så stor når barnet skal bytte avdeling. Til dømes samarbeidar Humla og Mauren ute og i sovetid og slik blir dei kjende med kvarandre. I juni får alle foreldre og barn eit skriv om den nye avdelinga si med bilete av dei tilsette som skal vere saman med barna det neste barnehageåret. I juni prøvar vi også å bytte avdelingar i ei veke, slik at barna får prøve seg på den nye avdelinga si.

Overgangen mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.

(Rammeplanen kap. 6)

Vi har ei eiga førskulegruppe for dei eldste barna. I førskulegruppa har vi fokus på skoleforberedande aktivitetar som f.eks sjølvstendighet i påkledning/avkledning, dogåing, måltid, det å ha kontroll på eigne ting, sosial kompetanse osv. Vi skal og bruke eit opplegg som heiter Trampoline der barna i løpet av året skal komme innom område som; meg sjølv, mønster, formar, måling, tal, plassering, sortering, stavingar, rim og reglar, symbol og bokstavar. Vi går også på mange turar og gjer mykje anna moro. I periodar er vi med på barnehagesymjning på bybadet. Alle foreldre som har førskulebarn blir invitert til foreldremøte på hausten. Der får dei presentert prosedyre for overgang barnehage – skule, dei blir orientert om barnehagen sitt pedagogiske opplegg og får diskutere si eiga rolle og medverknad i overgangen til skulen. Førskulegruppa vil også lage prosjektplan der dei trekk inn rammeplanen sine fagområde, har progresjonsmål og dokumentasjon av arbeidet. Denne får barna med seg heim på slutten av året.



Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast.

Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane.

(Rammeplan kap. 7)

Planlegging

Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe.

(Rammeplan kap. 7)

Planlegging gjev personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegging bidreg til kontinuitet og progresjon og er utgangspunkt for refleksjon og utvikling av det pedagogiske arbeidet. Planarbeidet vårt tek utgangspunkt i barnehagelova, rammeplanen, sentrale føringar, teori og forskning og barnehagen sin årsplan. Arbeidet blir også basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtaler med barn og foreldre.

Kvar haust bruker dei tilsette tid på å bli kjende med barna og kartlegg interessene og behova deira. Etter nokre veker startar planlegginga av aktivitetar for dei neste vekene og månadene. Sjølv om tema og prosjektarbeid kan vere det same kvart år vil innhald, aktivitetar og arbeidsmåtar variere ut frå barnegruppa og deira interesser og føresetnader. I planarbeidet set vi også fokus på refleksjon og vurdering, dette skapar eit godt grunnlag for endring og utvikling. Vi skal sikre at planarbeidet vårt bidreg til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa.

Det pedagogiske arbeidet blir planlagt på avdelingsmøte, leiarmøte, personalmøte, planleggingsdagar og i pedagog- og assistentar si plantid. I tillegg blir det planlagt undervegs i kvardagssituasjonane våre. Vi endrar og justerer planar undervegs ved behov.

Vurdering

Hovudføremålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift.

(Rammeplan kap. 7)

Kva blir vurdert?	Korleis og kvifor blir det vurdert?	Når blir dette vurdert?
Barnegruppa og enkeltbarn sin trivsel og utvikling	Vi observerer fortløpande barnegruppa og enkeltbarna. I løpet av året har vi to rundar med observasjon der vi inviterer dykk til foreldresamtalar for å prate om korleis barna har det og utviklar seg.	Avdelingsmøte Personal møte Planleggingsdagar
Pedagogiske opplegg og prosjekt	Vi evaluerer fortløpande tema, opplegg og fagområde, og har avdelingsmøter og leiarmøte regelmessig.	Avdelingsmøter Leiarmøte Personal møte Planleggingsdagar Halvtårsvurdering
Vaksenrolla	Vi må ha ei medviten og reflektert haldning til jobben vi gjer og søker meir kunnskap. Vi ønsker å bli betre, og å ha nógde foreldre og glade barn!	Avdelingsmøter Leiarmøte Planleggingsdagar Personal møte
Personalet sin trivsel og helse	Vi har ulike kartleggingar av arbeidsmiljøet vårt (psykososialt, fysisk). I tillegg blir det gjennomført medarbeidersamtalar og oppfølging av tilsette som treng det. Vi har også ulike trivselstiltak for å betre trivselen til dei tilsette.	Medarbeidar-samtalar Brukarundersøkingar Arbeidsmiljøundersøking

Foreldresamarbeid	Vi har ei brukarundersøking til foreldre. Vi ønsker fornøgde brukarar og glade barn! Difor fokuserer vi mest på dagleg tilbakemelding ved kommunikasjon, IST, bilet-tavle for dei minste osv.	Dagleg kontakt IST Foreldremøte Foreldresamtalar Brukarundersøking

Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om egne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande.

(Rammeplan kap. 7)

Dokumentasjon skal sikre at barnehagen sine planar for det pedagogiske arbeidet blir gjennomført i praksis, og den skal medverke til auka bevisstheit rundt det praktisk-pedagogiske arbeidet i barnehagen. Dokumentasjon gjev oss grunnlag for å evaluere og vurdere vår praksis, det er med på å synleggjere det pedagogiske arbeidet vårt og kan bli brukt til refleksjon og kvalitetsutvikling.

Ein måte å dokumentere den pedagogiske praksisen vår på Nørve, er gjennom prosjektarbeid. Vi lagar prosjektplanar med

bilete og tekst frå aktivitetane til kvar avdeling som foreldre får med seg heim når prosjektet er avslutta. I tillegg til regelmessige oppslag i garderobe både frå tur, aktivitetar og generelt kjekke ting som skjer i barnehagen. Vi nyttar også månadsplanar som vi sender ut til foreldre i forkant av ein ny månad. Her er informasjon om kva som kjem, og kva vi har gjort i løpet av den førre månaden. Vi kommuniserer også informasjon og dokumentasjon gjennom appen IST.

Vi skriv også tema- og prosjektplanar, månadsplanar, referat frå møte og foreldresamtalar, vi skriv ned observasjonar, kartleggingar og undringar.

Vi er medvitne på og har gode rutinar for personvern. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Eit etisk perspektiv skal difor ligge til grunn ved dokumentasjon av barnegruppa og enkeltbarn. Personopplysingar blir behandla i samsvar med personopplysinglova. Dersom barnehagen skal utlevere personopplysingar om barnet til andre instansar og det ikkje føreligg lovheimel, må foreldre samtykke til dette.



Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter barna sine behov og føresetnader, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meningsfullt fellesskap.

Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbudet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottok spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbudet.

(Rammeplan kap. 7)

Vi skal sørge for at barn som trenger ekstra støtte så raskt som mogleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er naudsynt for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Vi observerer stadig barna og barnegruppene, og legg til rette i kvardagen for at alle får gode vilkår ut frå eigne behov og føresetnader. Vi er tett på barna i alle situasjonar og reflekterer rundt kva barna treng av oss. Dette kan vere å dele i mindre grupper, ha tilsette ekstra tett på, ulike måtar å møte barnet på, ulike hjelpemiddel, materiell/utstyr, jobbe med ulike tema og liknande.

I Nørve barnehage er eit godt foreldresamarbeid avgjerande når det gjeld alle barna. Hjå barn som treng ekstra støtte har vi regelmessige møter både med foreldre aleine og saman med aktuell instans som til dømes helsestasjon, PPT, ressursbasen og så bortetter. Dersom vi trur at eit barn treng ekstra støtte i kvardagen vil foreldre alltid bli informert før vi tek kontakt med andre instansar.

Det er mykje god hjelp å få. Ofte er det vi i personalet som treng litt rettleiing og eit blikk utanfrå for å sjå kva akkurat det barnet eller barnegruppa treng akkurat no. Vi har eit eige fagsenter samt eit småbarnsteam som vi kan ta kontakt med for å få drøfte saker anonymt.

Årshjul for Nørve barnehage

Når:	Kva:
1. august	Oppstart nytt barnehageår, tilvenning i heile august
15. september	Nørve OL; Fysisk aktivitetsdag for heile barnehagen
Veke 38:	Brannvernsveke, vi har brannøving og fokuserer på brannvern. Bjørnis er med
11. oktober	Gamle barn sin dag (onsdag i haustferien)
13. desember	Lucia, foreldre får komme på feiring på ettermiddagen
Desember	Nissefest (dato kjem)
6. februar	Vi markerer samane sin nasjonaldag, 6. februar
16. februar	Karneval
Mars	Barnehagedagen 2024, dato og tema er ikkje klart enno
21. mars	Den internasjonale Down's syndrom dagen, «rockesokk»
Vår	Fotografering
20.mars	Påskelunsj for barna
Veke 16/17	Miljøveke + vi deltek på årets Rusken-aksjon
3. Mai	Fotballtrøyefredag

16. mai	Prøve-17.mai; Vi øver på å gå i tog, har leikar og pølsebod
17. mai	Nørve går i bytoget, SU og foreldre arrangerer dette
Juni	Sommarfest for foreldre, barn og tilsette. SU arrangerer
Juni	Vi seier JA til mangfald!
14. juni	Nye barn sin dag, dei nye som startar får komme å helse på oss

Diverse informasjon

Nettvett

På grunn av det etiske ansvaret til barnehagen, ønsker vi ikkje at bilete av barna som blir tekne i ulike settingar i barnehagen blir lagt ut på nettsider. Til dømes på Facebook. Dette gjeld når det er andre enn ditt barn på biletet.

Levering og henting

Foreldra skal alltid ta kontakt med personalet på si avdeling når barnet kjem om morgonen, og når det blir henta på ettermiddag. Dersom barnet kjem seinare enn kl. 9.30, vil vi ha beskjed på grunn av tur og opplegg. Vi vil også ha beskjed om barnet har fri, eller er sjuk. Vi ber om at dykk registrerer fråvær i IST, ringer eller sender melding til barnehagen for å informere om dette før kl. 08 slik at vi kan planlegge dagen etter kor mange barn som kjem.

Måltid

Vi har tre måltid per dag, frukost, lunsj og frukt.

Frukost ordnar dykk foreldre, enten ved at barna et heime eller dei kan ha med matpakke og ete når dei kjem om morgonen. Frukost varer frå 07- 8.30. Lunsj er rundt kl. 11-11.30 og fruktmåltid rundt kl. 14-14.30. Til fruktmåltidet delar vi opp frukt, slik at barna får smake litt fleire sortar kvar dag. Vi serverer også brød eller knekkebrød til dette måltidet. Vi serverer vatn til alle måltid, mjølk til frukost og lunsj.

På turdag har barna med eigna sekk (med stropper over brystet). Nytt dette barnehageåret er at vi i barnehagen lagar mat som vi tek med på tur. De tek da med ei tom matboks, som barna får fylle i barnehagen, og ei drikkeflaske med vatn, sjå meir informasjon på månadsplan.

Bursdagsfeiring

Vi feirar bursdagen til barna i barnehagen og alle barna får eiga bursdagskrone. Vi har bursdagssamling, heng ut flagg og heng opp bilete på døra slik at alle veit kven som har bursdag. Etter samtalar blant dei ansatte, og i samarbeid med SU, har vi bestemt at barna ikkje tek med is til bursdagsfeiring i barnehagen lengre. Dette gjelder for alle avdelingane. Vi vil og slutte med smoothie til feiring av dei yngste. Fokuset blir på bursdagsbarnet og ikkje på is/smoothie.

Dersom dykk ønsker å dele ut bursdagsinvitasjonar i barnehagen, må dykk invitere enten alle jenter, alle gutar eller alle gutar og jenter på kullet (eller alle på rød eller på blå). Spør oss gjerne om noko er uklart og ver bevisst slik at dykk ikkje stenger nokon ute.

Ferieavvikling for barna

Alle barna skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret (frå 1. aug 2023-1. aug 2024), minst 3 av vekene må vere samanhengande. Juli månad er betalingsfri månad. Planleggingsdagar og jul- og nyttårsaftan kan ikkje reknast som feriedagar. Sommarferien må varslast før 13. april, slik at personalet får planlagt sin ferie før 1. mai. I 2024 bli barnehagen truleg sommarstengd i veke 28 og 29, og kanskje veke 30, meir info når dette nærmar seg.

Planleggingsdagar

På planleggingsdagane planlegg og evaluerer vi vår verksemd. Personalet jobbar medvitne og målretta for å utvikle oss og bli betre på det vi gjer. Barnehagen skal ha 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehageår. Neste barnehageår held vi stengt følgjande dagar;

14.08.23 -> Prosjektarbeid, avdelingar og HMS.

12.09.23 -> Fagsamling Rekom

02.01.24 -> planlegge våren, halvtårsevaluering, HMS, kompetanseheving, prosjektarbeid

10.05.24-> planlegge neste år, evaluering, HMS, kompetanseheving, prosjektarbeid

Den siste plandagen er enno ikkje fastsett, men den blir mest truleg i løpet av **våren**.

Den 10.05 jobbar vi inn på kveldstid, det vil seie at vi har fire kveldsmøte a to timar og tek fri på planleggingsdagen. Så veit dykk det, dersom dykk møter oss i byen eller på fjellet ;-)

Opningstider

Dei nye vedtektene til Ålesund kommune seier at opningstida er 7.15-16.45, men med moglegheit til å utvide eit kvarter på morgon og eit kvarter på ettermiddag. Vår opningstid på Nørve vil frå 1. august 2023 vere 7.00-16.45 på alle avdelingar, kvar dag.

Jul og påske

Vi held ope i jula og påska. Siste onsdag før påske stenger barnehagen kl. 12. Barnehagen er stengd julaftan og nyttårsaftan.

Barn og sjukdom

Dersom barna er sjuke, må dei haldast heime. Dersom barna blir sjuke når dei er i barnehagen kontaktar vi foreldre, difor er det viktig at dykk er tilgjengelege på telefon.

Dersom barna har hatt feber er det anbefalt at barna skal ha eit feberfritt døgn før dei kjem i barnehagen igjen.

Barn med oppkast og diaré må haldast heime minst 48 timer etter siste utbrot. Dette er oppfordringar frå folkehelseinstituttet som vi følger når det gjeld rutinar ved sjukdom.

Barna må vere friske nok til å vere ute dersom dei kjem i barnehagen, vi har ikkje kapasitet til å vere inne med barn som ikkje er i form.

Kommuneoverlegen har laga ei oversikt over anbefalte tiltak ved smittsame sjukdomar i skule/barnehagar, denne sender vi ut i august.

Kjelder


Rammeplan for barnehagen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Lov om barnehager: Lov om barnehager (barnehageloven) - Lovdata
Stortingsmelding nr 6: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

FN's berekraftsmål: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

Barnekonvensjonen: <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen>





Kontaktinformasjon:

Nørve barnehage, Bøgata 39, 6008 Ålesund

Styrrar: 70 16 24 95

Elin.Ostnes@alesund.kommune.no

Marihøna: 468 50 694

Humla: 468 64 834

Mauren: 911 17 214

www.alesund.kommune.no

